

# ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG

## ÅR: 2015



Nysæterstova med den gamle og den nye vegen (1935-1945)

Fotograf: Ukjend  
Eigar: Ole Øystein Nybø





**PAKTARHUSET PÅ PRESTEGARDEN – VESTSIDA  
VINTERSKRUD**



**BYGDEVANDRING 23. august 2015 – Apalset til Steinane.**

**Her frå --- på Apalset – vakkert sommarver!**



# ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2015

ØRSKOG HISTORIELAG vart stifta i 1985. Dato for skipingsmøtet var 16. april 1985.

## §1 i laget sine lover lyder:

Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.

Dette kan gjerast ved:

- a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfag.
- c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.

ÅRSMØTET i Ørskog Historielag vart halde på Kyrkjetorget 4. mars 2015.

18 personar var til stades.

Årsmeldinga for 2014 og rekneskapen for 2014 vart godkjende utan merknader.

Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda.

Valnemnd var: Åse Karin Gjære, Aud Kongsnes og Petter Sjøholt.

Arbeidsoppgåver for år 2015 vart drøfta og ulike prosjekt vart prioriterte.

Årspengane for år 2016 vart auka med 50 kr til 325 kr. Kaffi/te og kaker undervegs i møtet.

Etter vala på årsmøtet og seinare konstituering, har styret vore samansett slik:

## Styret:

- |                           |              |
|---------------------------|--------------|
| - Grethe Leikny Gjerde    | leiar        |
| - Karen Simonnes Aanes    | nestleiar    |
| - Ragnar Bakken           | skrivar      |
| - Jarle Erstad            | kasserar     |
| - Jorunn Giskemo          | styremedlem  |
| - Egil Vestre             | 1.varamedlem |
| - Kjellrun Kalvatn Tomren | 2.varamedlem |
| - Vidar Sand              | 3.varamedlem |

## Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:

- |                  |  |
|------------------|--|
| - Teknisk utval: | 5 medlemmer – leiar Jan Petter Aasen.          |
| - Skriftnemnd:   | 6 medlemmer – leiar ikkje vald leiar for 2015. |

- Paktarhusnemnda: 5 medlemmer – leiar Ove Eide.
- Fotoregistrering: 4 medlemmer – leiar Ole Øystein Nybø.
- Kalenderkomite for 2016: Asgeir Kvernberg - Tore P. Gjære – Siv Krofoss
- Postvegnemnda: 5 medlemmer – leiar Jan A. Lande.
- Revisorar: Kolbjørn Gjære – Olav Kjetil Sjøholt.
- Valnemnd for 2015: Petter Sjøholt (kallar saman) — Aud Kongsnes – Per S. Vestre

**STYRET** har i meldingsåret (frå årsmøte til årsmøte) hatt ni (sju i 2014) møte:

18. mars - 8. april – 1. juni – 12. august – 1. oktober – 28. oktober – 1. desember – 12. januar – 17. februar. Styret har handsama 111 (78 i 2014) protokollerte saker.

Medlemstalet i 2015: 228 (240 i 2014) inkl. tre verksemder – jf. årsskriftet for 2015.

Medlemsverving rett før jul ga 25 nye medlemmer! Medlemstal pr 31.12.15: ca 255.

På sammøte mellom styret og nemnder/utval 18. mars 2015 vart arbeidsoppgåver/årsplan og prioriteringar drøfta og vedtekne. 9 personar var til stades på dette møtet.

**Frå styreprotokollen** tek vi med i stikkords form dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Konstituering av styret.
- ✓ Ørskog Historielag 30 år – markering kveldsete 15. april 2015 – avisomtale mm.
- ✓ Kveldsetene – oppsett av tema – fordeling av oppgåver – gjennomføring.
- ✓ Driftsavtale vedk. vedlikehald av Postvegen. Ikkje i mål.
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering av oppgåvene.
- ✓ Ørskogdagane – førebuing av deltaking – eigen stand 13. juni 2015.
- ✓ Kvelvingsbru Svartløken. Vurdering - avslutting.
- ✓ Ørskogkalenderen – samarbeid med Ørskog Rotary. Kalender for 2016.
- ✓ Paktarhuset – vedlikehaldsarbeid – rydding – arkivering m.m.
- ✓ Paktarhuset – tett kloakk – forsikringsskade - utbetring.
- ✓ Bygdevandring – Apalset – Steinane – 23. august 2015.
- ✓ Medlemsverving – jf. Ørskogdagen.+ v/stand rett før jul. Auka medlemstalet!
- ✓ Nettsida Ørskog Historielag.
- ✓ Krigsminne i Ørskog – eiga nemnd.
- ✓ Reguleringsplan v/Sjøholt skule – uttale + klage. Avslag klage.
- ✓ Regional kulturminneplan – innspel frå ØH overfor Ørskog kommune.
- ✓ Løa på Langskipsoya – restaurering jf. Storfjordens Venner. Ferdigstilt.
- ✓ Postvegen – tilskot – framdrift m.m. Orienteringar – planlegging siste etappe.
- ✓ Kartlegging av hoppbakkar.
- ✓ Postvegmarsjen 2015: 20. sept. Førearbeid – gjennomføring. Landedalen – Haugsætra.
- ✓ Postvegen synfaring Landedalen 13.10.2015 – skader ved skogsuttak m.m.
- ✓ Årsskrift 2015 og 2016.
- ✓ Malmvogna – lokalisert – ikkje teken opp enno.
- ✓ Trykking av ny brosjyre + «Krig, okkupasjon, fred» skrift frå 1995 nytt opplag.
- ✓ Skriftnemnda – ymse spørsmål knytta til trykking av årsskriftet.
- ✓ Årsmøte 2016 – førebuing.
- ✓ Bygdevandring 2016 – planlegging.
- ✓ Kveldseta 2016 – planlegging.
- ✓ Gave frå Ørskog Sparebank og Ørskog kommune. Jf. rekneskap 2015.
- ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m. Registreringsarbeid.
- ✓ Arbeidet i nemndene – rapportar – sammøte.
- ✓ Ei rekke skriv og meldingar og førespurnader.
- ✓ Fleire av sakene ovanfor har gått igjen på fleire møte.
  
- ✓ **Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemndene – der vi tek med:**
- ✓ Årsskriftet for 2015 og 2016 + eventuell namnebok for Ørskog.
- ✓ Fotoregistreringsarbeidet – avskrift kyrkjebökene – registrering av gamle bilete.

- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Postvegen – jf. eiga nemnd. Synfaringar Tilskot. Vedlikehald m.m.
- ✓ Paktarhuset - ymse arbeid. Mykje er gjort. Leiar med på fleire møte i styret.
- ✓ Oppgåver for teknisk utval.

## Ørskogkalenderen.

Ørskog Historielag saman med Ørskog Rotary har sidan 1995 årleg gjeve ut ein kalender – med biletmotiv frå Ørskog. Mange av bileta har vore av eldre dato.

Frå 2001: Laga har hatt ansvaret for utgjevinga annakvart år. Ørskog Historielag for 2002. Alt vart gjort i nært samarbeid med Ørskog Sparebank.

Ørskog sparebank tok så «pause» i samarbeidet og ville gje ut eigen kalender for 2014. Biletmotiva skulle vere naturbilete frå Ørskog. Dette vart det ikkje noko av.

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary fekk i 2014 samarbeidet i gang att. Økonomien vart sikra gjennom sponsing frå fleire verksemder. Dette ga grunnlaget for at ei felles nemnd fekk ansvaret for å få på plass ein kalender for 2015. Dette lukkast. Same ordninga har vi gjennomført i samband med kalender for 2016. Alle husstandar har fått eitt eksemplar. Kalenderen er elles til sals.

Målsetjing: Dette skal bli eit årvisst samarbeid vidare! Takk til nemnda m.fl. og annonsørar.

## Kveldsenter/bygdevandring.

Styret har hatt hovudansvaret for desse:

I meldingsåret (mars – mars) har kveldsetene vore avvikla med desse **7 emna**: Tal frammøtte i () .

- |                 |   |
|-----------------|---|
| 15. april 2015: | Ørskog Historielag 30 år (37). Tore Gjære og Ragnar Bakken.               |
| 6. mai 2015:    | Gardsmuseum Barlindhaugen – besøk (23). Odd.A.Jakobsen – Trygve Alvestad. |
| 23. aug. 2015:  | Bygdevandring Apalset – Steinane (40). Jarle Erstad + fleire frå området. |
| 2. sept. 2015:  | Gamle Ørskogbilete (49). Ole Øystein Nybø.                                |
| 7. okt. 2015:   | Krigsåra 1940 – 1945 (36) Jan Olav Flatmark.                              |
| 4. nov. 2015:   | Naturtypar i Ørskog (21). J.B.Jordal.                                     |
| 2. des. 2015:   | Årsskrift 2015 (24). Skriftnemnda.  |
| 2. feb. 2016:   | Kulturminne i Ørskog (14). Ove Eide og Ragnar Bakken.                     |

Det er så langt planlagt sju kveldsenter vidare i 2016. Bygdevandring i august 2016 lagt til Amdam – Skarbøhagen. Årsmøte 2. mars 2016.

Samla oversyn over alle kveldsetene sidan 1998 - også planlagde kveldsenter og bygdevandring i 2016 - finn vi på laget si heimeside: [www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)



Frå kveldseta 2.september 2015. Det er alltid godt frammøte når Ole Øystein Nybø viser gamle bilde frå Ørskog.

## **Paktarhusnemnda.**

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) - Leidulv Reite – Kåre Myren – Arve Ørskog – Magnhild Schmidiger.
- ✓ Relativt ny nemnd – husstyret og aktivitets-museumsnemnda vart slegne saman på årsmøtet i 2014. Dette har fungert godt.

Leiar for nemnda har levert denne rapporten:

### **Aktivitetar i 2015:**

Aktiviteten på Paktarhuset i 2015 har vore annleis enn vanleg, og prega av eit teknisk uhell med relativt store konsekvensar:

Like før juletider 2014 fekk vi eit kloakk-tilbakeslag frå den kommunale hovudleidninga som går like aust for huset. Det var ei propp i denne leidninga. Ansvaret låg hos kommunen. Først i august 2015 var problemet i hovudsak løyst, m.a. av reingjeringsfirmaet Polygon. Vi måtte fortsette å lufta ut huset til seint på hausten. Saka hadde store konsekvensar for kjellaren og mykje av det som var lagra der, samt badet i 1. høgda, og har gitt mykje ekstra arbeid til nemnda. No er alt i orden, lufta er god, og ingen treng vere uroa for å bruke huset.

Dette året har det meste av planlagd vedlikehald blitt sett på vent, m.a. fordi utstyret stod i kjellaren. Det har blitt gjort noko arbeid på badet, samt innkjøp av ymse utstyr som trengs for å fullføre der. Det har og blitt gjort førefallande arbeid med arkiv og bibliotek.

Det har blitt kjøpt inn laptop og laserskrivar til bruk i registreringsarbeid. Vi hadde to nemndmøter der særleg dette stod på agendaen, og registreringsarbeidet har kome eit lite stykke på veg.

Det har blitt laga eit rekneark med oversyn og prisar på alle publikasjonar, brosjyrar og andre artiklar som laget har for utdeling eller sal.

23. mai var nemnda representert i ein dugnad på Tyssa, der det hovudsakleg vart arbeidd med transport av materialar som skulle brukast til restaurering av løa på Langskipsoya.

13. juni arrangerte nemnda standen til laget under Ørskogdagane.

20. september sat nemnda på mottaksstasjonen for Postvegmarsjen. Marsjen enda denne gongen ved Fjellstova. Vi registrerte 64 deltarar.

Ove

## **Skriftnemnda.**

Medlemmer: Bjørn Steinar Skarbø – Øyvin Danielsen – Olav Jan Bårdsgjerde - May-Sissel Osvik – Karin Årdal – Odd Saure.

- ✓ Nemnda har gjennom året arbeidd med årsskrift for 2015.

Skriftnemnda har levert denne rapporten for 2015:

### **Årsmelding frå Skriftnemnda 2015**

Medlemmer i skriftnemnda har vore Øyvin Danielsen, Olav Jan Bårdsgjerde, Karin Årdal, May Sissel R. Osvik, Odd Saure og Bjørn Steinar Skarbø.

Det vart ikkje valt nokon leiar i år heller. Det vart sagt at nemnda kunne ordne dette på eiga hand. Dette er ikkje gjort, og vi har i grunnen klart oss bra utan leiar.

Skriftstyret har hatt rundt sju - åtte møte pluss nokre arbeidsøkter i sluttfasen og distribueringsfasen. Møtestaden har vore Gamlebanken.

Også dette året har vi hatt godt om stoff. Etter at årsskriftet for 2014 vart møtt med visse ytringar om at det vart vel stort og dyrt, vart det sett ei grense for kva det kunne koste å skape skriftet no i 2014.

Dette førte til ei viss utfordring i form av å halde oss innafor det sidetalet den tillatne ramma gav rom for, og vi valde også å vere tilbakehalden med bruk av fargetrykk.

For også i år har det vore stor velvilje og stor skriveaktivitet hos mange som har kome årsskriftet til Ørskog Historielag til gode. Det har vore stor velvilje hos dei vi har spurt om å bidra, og det er dei som tilbyr stoff på eige initiativ. Noko vi er spesielt glad for.

Annonsane til årsskriftet gjekk det også i år greitt å få inn, og vi er svært takksame for at næringslivet i Ørskog støttar årsskriftet på denne måten. Vi vil likevel nemne at vi med undring merka oss at Ørskog kommune i år ikkje såg seg råd til å kjøpe annonse i heftet då dei mangla pengar til føremålet. Hovudartikkel i år vart nok den av Einar Landmark om ”Store-Rasmus”, bondeførar og opprørar mot futevelde og stormannstyranni på 1600-talet.

Elles er vi glad for artiklar som Arne Tøsse sin om det å måtte flytte frå hus og heim under krigen når tyskarane rykte inn å Tyssa.

Glad er vi også for artikkelen til Ove Eide om ”Gulltransporten” med vekt på å fortelje om dei frå Ørskog som deltok i denne segnomspunne hendinga.

Vi held også fram med å formidle erfaringar frå tida med storkommunen Ørskog mellom 1965 og 1976. I år fekk vi høyre korleis tida opplevdes i Stordal gjennom ein artikkel skiven av Olav Bratland, og frå Skodje gjennom eit intervju med Andor Strømmen.

Festleg var det og å få formidla stemninga frå skotårsfesten på Fossheim i 1940, vel ein månad ør krigen kom til Noreg.

Så er vi i år som elles glad for Ole Øystein Nybø sine bidrag i form av bilde med tekst frå fotosamlinga som Historielaget medverkar til.

Vi viser elles til innhaltslista og naturlegvis sjølve skriftet.



**Forside årsskrift 2015**

## Innhaldsliste for årsskriftet i 2015.

- Gulltransporten. Ein dramatisk operasjon krigsvåren 1940, og ørskogbygdarane som var med på den av Ove Eide
- Skotårsfesten 1940 av Karin Årdal m.fl.
- Rasmus Engelbriktson Myklebust ("Store-Rasmus") av Einar Landmark
- I slåsskamp med bjørn ved Hesthammaren av Kjell Løseth
- Ørskogfossen Kraftverk av Odd Saure
- Hans Os av Karin Årdal
- Storkommunen Ørskog sett fra Stordal av Olav Bratland
- Storkommunen Ørskog sett fra Skodje. Intervju med Andor Strømmen av Bjørn Steinar Skarbø
- Litt om historia til Lånegarden, Wensellgarden og Pe-Larsgarden på Sjøholt av Tore Gjære
- Firma Knut M. Braute av Sigmund Braute
- Gamle gardsreiskapar frå Ørskog av Karin Årdal
- Adolf på Bellingen av Reidun Klock Tjervåg
- Ei lita utvandrarhistorie av Einar Landmark
- Perler frå fotoarkivet av Ole Øystein Nybø
- Hendingar i året
- Årsmelding for Ørskog historielag 2014 av Ragnar Bakken
- Medlemsliste

Også i år har vi brukt Hatlehols trykkeri i Brattvåg og skriftet vart trykt i same format som vi tok i bruk i 2014. Vi synes dette gjer skriftet meir lesevennleg enn det som vart brukt tidlegare.

Årsskrift 2015, hefte nr. 25, kom ut med 224 sider mellom stive permår der eit bilet av barneflokk og hushjelp på Tyssa prydar framsida. I år var ikkje årets ørskogpris-vinnar klar i tide til å kunne presenterast på baksida av heftet slik det har vore gjort nokre år tidlegare.

Dessverre vart ikkje heftet klart til julemassa på samfunnshuset slik målet har vore dei siste åra. Det vart derfor slepp på kveldssetet onsdag 2. desember og for å bøte på avsetninga, hadde vi utsal på Bunnpris og Coop eit par dagar ei førjulshelg; noko som viste seg vellukka med fleire nye medlemer. Presseomtale av årsskriftet har vi fått i Sunnmørsposten, Bygdebladet og Nytt i Uka. I all hovudsak må vi seie det er svært positive omtalar.

Vi er glade for at årsskriftet vert lagt merke til og godt motteke mellom laget sine medlemmer og andre som kvart år sikrar seg eit eksemplar.

Etter spørsmål frå fleire, vart det i år trykt opp eit ekstra opplag av "Krig, okkupasjon og fred" som vert selt parallelt med årsskriftet.

For neste år hadde skriftnemnda saman med Namnenemnda i Ørskog planar om å gje ut ei namnebok for Ørskog. Av ulike grunnar, m.a. avslag på søknad om økonomiske bidrag frå Ørskog kommune, valde ein å skrinlegge desse planane og i staden satse på eit vanleg årsskrift, men med presentasjon av deler av namnesamlinga for Ørskog. Både nyss vedtekne namn og innsamla historiske namn.

Skriftnemnda vil til slutt rette ein varm takk til alle som har bidrige til årsskrift, i hovudsak forfattarar og annonsørar. Dykkar innsats er avgjerande for at vi klarar å gje ut eit slikt hefte kvart år.

Ørskog 11. februar 2016

Karin Årdal, May Sissel R. Osvik, Olav Jan Bårdsgjerde, Øyvin Danielsen,  
Odd Saure og Bjørn Steinar Skarbø

## Teknisk utval.

- ✓ Medlemmer: **Jan Petter Aasen** (leiar) – Svein Barlindhaug - Steinar Leganger – Børre Tennfjord – Terje Haaheim.

Vi tek med nemnda sin eigen rapport om arbeidet dette året:

### MELDING FRÅ TEKNISK UTVAL FOR 2015:

Gjeremål i året 2015;

- Historielaget deltok på vanleg måte under Ørskogdagane med oppstart av Lokomobilen som den store ”attraksjonen”. Medlemane i teknisk komite stilte opp og tok opp att suksessen frå åra før.

Vi heldt kjelen varm og svinghjulet i gong i omlag 4 timer før vedlageret tok slutt. Det var stor interesse for maskina, bruksmåte og ikkje minst kva bruksområde lokomobilen hadde.

- Det har vore gjennomført synfaringar på Ørskogfossen kraftstasjon saman med representantar frå NordvestKraft AS. Naudsynt arbeid, mellom anna takvøling er grovkalkulert og grunnlaget for aktuelle tiltak er på plass. Ein har vurdert tiltaka til ein kostnad på kr. 120.000,-. Leiar har snakka med Runar Stette på Ørskog Energi , og dei har bestemt seg for å reparere taket til våren.
- Det har vorte rydda skog i og rundt kvernhuset for å skape eit meir tiltalande område rundt. Arbeidet har Jan Petter stått for. Dette er noko ein må drive på med heile tida, då det gror att sær fort.
- Historielaget/teknisk komite har delteke i vølingsarbeidet av løebygninga på Langskipsoya. Steinar og Svein har vore deltarar i dette arbeidet. Først og fremst gjennom transportering av materialer til øya for restaurering av bygningskroppen. Deretter også i vask og tilpassing av ”ny” takstein til tekking. Ein reknar med at arbeidet vert teke opp att så snart veret og dugnadslysta gjer det mogeleg.
- Ein har gått over aktuelle gjeremål i og rundt smia. Vi ser for oss ei opprydding og ytterlegare istandgjering av hus og omgjevnader. Det er også gjort ein del vurderingar ikring istandsetting av traktoren som står parkert i eine smierommet. Desse vurderingane kjem ein attende til ved anna høve. Imidlertid er det eit ønskje om å nytte plassen til andre aktuelle kulturgjeremål og bruksting.

#### Gjeremål i 2016:

Deltaking på Ørskogdagane og oppstart av Lokomobilen.

Sette i stand området rundt og ved Kvernhuset på Wensellmarka.

Avgjersle omkring vøling/bruk av traktoren på smia.

Istandsetting av område rundt smia og vøling av bygninga. Også innvendig må ein gjere naudsynte tiltak - reparasjonar og rydding.

## Fotoregistreringsgruppa.

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog. **Ole Øystein Nybø** har vore leiar i gruppa også siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har vore: Gunnveig Skilbrei, Tore P. Gjære og Terje Misund. All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert no gjort direkte på Internett.

### Fotoregistrering 2015 – notat ved Ole Øystein Nybø:

Vi har i heile meldingsåret dessverre ikkje fått anledning til å legge ut nye registrert bilde på nettstaden Fylkesfoto.no slik vi har yngst. Grunnen til det er at databasen til FylkesFOTOarkivet, som vi samarbeider med, har vore delvis nede for omlegging. Og arbeidet med omlegginga har teke

langt meir tid enn forventa. Vi har i mellomtida samla inn fleire nye bilde som vi har arbeidt med teksten til og som vi vil legge ut på nettet så snart databasen er oppe og går igjen. Databasen har heldigvis heile tida vore tilgjengeleg for søk i dei allereie utlagde bilda.

Samlinga vår av gamle biletet frå Ørskog veks stadig. Ikkje dei store spranga år om anna, men i staden for mengda strevar vi i heller for å skaffe mest mogeleg informasjon omkring kvart enkelt. Eit biletet utan tekst til kan sjølv sagt vere av interesse, men med namn på personar, årstal og gjerne historia rundt veks verdien av det monaleg. Pr. dato finn vi dei 1360 biletet, som til no er registrert, lagt ut på internettet og er søkbare på adressa Fylkesfoto.no I tillegg så har vi for tida om lag 130 nye biletet som vi arbeidar med tekst til.



**Arbeidslaget som sette opp murane til "Klokkhuset" på Sjøholtstranda (1900-1903). Frå v. Andreas Tanemsflaten, NN, Tomas Sjøholt, Laurits Sjøholt, Simon Lande, NN og Hans Lande.**

**Fotograf: Ukjend**

**Eigar: Geir Aure**

#### **Digitaliseringa av kyrkjebökene – notat ved Ole Øystein Nybø:**

Den stor dugnaden med å skrive av og digitalisere kyrkjebökene for Ørskog prestegjeld kan vi no endelig presentere deler av for publikum. No ligg dei sju eldste bökene, frå 1720 til 1851, på Digitalarkivet.no søkbare for alle. Vi finn dei der under «Transkriberte kirkebøker» Dei fire neste bökene, frå 1851 til 1890, er ferdig avskrivne og er under korrekturlesing. Og den 12. og aller siste kyrkjeboka, frå 1890-1911, er vi i arbeid med å skrive av.

**Vi legg til:** Ole Øystein Nybø er primus motor i dette arbeidet. Fleire medhjelparar tek del i korrekturlesinga!

Vi kan nytte oss av arbeidet ved å gå inn på nettstaden til Digitalarkivet <http://www.digitalarkivet.no> Dei to aller eldste bökene frå 1720 og fram til 1759 omfattar i tillegg til Ørskog og Sykkylven også sokna Stranda, Stordal som fram til då hørde inn under Ørskog prestegjeld. Sykkylven hadde felles bok med Ørskog heilt fram til 1877, så alle desse sokna vil og verte søkbare på den same databasen.

#####

**VI GRATULERER ØRSKOG HISTORIELAG MED JUBILEET  
1985 – 2015 = 30 ÅR**

## **Postvegnemnda - «Den Trondhjemske Postvei».**

**Eiga nemnd:** Jan Lande (leiar), Elling Ødegård, Kristian Tøsse, Kjell Sletta og Rolf Hatlen.  
Nemnda v/leiar har levert denne rapporten:

### **ÅRSMELDING 2015 POSTVEGNEMNDA:**

Året 2015 har vore prega av lav aktivitet, grunna forhold me ikkje har hatt kontroll over.  
Nemda har kjøpt fem skilt med teksten «Den Trondhjemske Postvei, 1786». Tore Gjære og leiar har montert opp tre av skilta, eit oppe ved Haugsætervegen, eit på Amdam og eit oppe i Pinå.  
Gjenverande skilt vert lagra i Paktarhuset. Det vart i tillegg montert tre retningskilt med tekst Postvegen. Mvh. Jan A. Lande

**Vi tek med litt til og startar med:** 19.november 2014 vart det halde synfaring av Postvegen, strekninga Haugsetra – Bythaugen. Kjersti Dahl og Liv Aksdal frå Fylkeskommunen, Geir Haugli frå Friluftsrådet samt Ragnar Bakken og underteikna frå Ørskog Historielag. Styret har i heile 2015 arbeidd med å kome vidare med dette sluttarbeidet. Vi har venta på at Friluftsrådet skulle utforme søknad med dokumentasjon for det som gjeld opprusting av strekninga Haugsætra – Vestnes grense. Søknad er sendt februar 2015. Økonomi: Løyvinga frå Ørskog kommune på 200.000 er overført til 2016. Det er å vone at vi no kan kome vidare med prosjektet. Det har også vore arbeidd med å få på plass ein driftsavtale om vedlikehald av heile Postvegen gjennom Ørskog. Her er vi pr februar 2016 ikkje i mål.



**19. nov. 2014**

**Synfaring Ørskogfjellet – Haugsætra – Vestnes grense – Postvegen.**

**Postvegmarsjen** vart arrangert for 12. gong 20. september 2015. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Ørskog I.L., Ørskog kommune, Friluftsrådet og vårt eige lag. Denne gongen vart marsjen lagt til Landedalen – tidlegare Amdam – Sjøholt. Start ved start av – Kvandalsvegen – opp mot Haugsætra i nyrestaurert Postveg – samling og innkomst ved Fjellstova på Ørskogfjellet. 64 deltagarar fullførde marsjen og fekk diplom.

**Nettsider Ørskog historielag:** Laget har i fleire år hatt eigne nettsider. Laget vil også i denne årsmeldinga rette ei stor takk til Tore P. Gjære (innhald) og Øyvind L.Gjære (utforming).

Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: [www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)

Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle Sjøholt.

## Olav Oksvik – stiftinga.

Dette er ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik. Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. I 2012 -14 vart gjenstandar og dokument henta og mellombels lagra lokalt. Noko står att å hente. Registreringsarbeidet har starta. Her trengst frivillige! Det vert arbeidd med å finne ei permanent plassering av samlinga. Stiftinga arrangerte «Oksvikseminar» på Ørskog samfunnshus i november. **Kommunereforma** stod på dagsordenen i år. Dette vart eit vellukka arrangement. Det er nedfelt i stiftinga sine vedtekter at eit seminar skal finne stad kvart år. Frå Ørskog Historielag er desse valde som medlemmer: Karin Årdal, Ola Gram og Mons-Olav Walgermo. Brynje Vethe, Åse P. Gjerde og Ragnar Bakken er personlege varafolk. Frå kommunen er valde: Arild Aanes - leiar - og Karl Johan Vaksvik.



## Ørskogkalenderen.

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary har i ei rekke år gitt ut Ørskogkalenderen.

Ørskog historielag hadde i 2012 ansvaret for kalenderen for 2013.

Ørskog sparebank ville gje ut kalender for 2014 – dette vart ikkje realisert.

I løpet av 2014 vart det klart at ØH og ØR på nytt gjekk inn i samarbeid om å få laga ein kalender for 2015. Økonomien vart sikra gjennom støtte frå lokale verksemder – mot reklame i kalenderen. Dette samarbeidet held fram og ny kalender for 2016 var ferdig i god tidd før jul. Alle husstandar har fått kalenderen for 2016. Vi vonar at vi i åra som ligg framføre, kan kome attende med kalender med gode Ørskogbilete. Frå Ørskog Historielag tok desse del i arbeidet: **Asgeir Kvernberg og Siv Krofoss** Takk også til velvillige sponsorar!



## Rekneskap for året 2015:

Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet 2. mars 2016.

## ØRSKOG HISTORIELAG – ØRSKOG KOMMUNE

Samarbeidet mellom ØH og ØK kan seiast og vere middels godt. I mange samanhengar blir vi møtt med positive utsegn både frå administrasjon og politisk hald. I handling har dette vore mindre synleg. Ved fleire høve har styret vore innom tilhøvet til kommunen – i heilt konkrete saker. Vi tek her med nokre døme på slike saker:

- ØH saknar ei langt aktiv haldning og positive tilbakemeldingar knytta til dei oppgåver og prosjekt vi arbeider med. ØH ønskjer såleis ei langt høgare prioritering av kultursaker og spørsmål frå kommunen si side.
- ØH ser det ønskeleg med ei vesentleg styrking av administrasjonen i ØK knytta til kultursaker.
- ØH saknar ein kulturplan
- ØH saknar prioritering av arbeidet med ein kulturminneplan,
- ØH er skuffa over ØK sin reaksjon på spørsmål om samarbeid knytta til registrering av krigsminne.
- ØH er ikkje tilfreds med framdrift i saker oversende frå ØH – jf. m.a. driftsplan for Postvegen.
- ØH er svært skuffa over at ØK ikkje støtta utgjeving av Ørskogkalender for 2016.
- ØH registrer også at ØK ikkje støtta ØH med annonse i årsskriftet.
- ØH er glad for støtte til Postvegen i 2015 – mindre tilfreds med nei til søknaden for 2016.
- ØH saman med namnenemnda fekk nei på søknad om støtte til utgjeving av ei namnebok i 2016. Nok eit negativt vedtak frå ØK

Det er ikkje alltid at kronetalet er avgjerande. Haldningane og prioriteringane bak vert alltid lagt merke til. Frivillige lag og organisasjoner er avhengige av kommunen – like avhengig er kommunen den andre vegen. Samarbeid og positive handlingar og vedtak vil gjere at oppgåver – også innan kultursaker – vert best mulig løyste – til glede for alle i kommunen.

### Framover.

Styret tek sikte på - snarast etter årsmøtet 2. mars 2016 – å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp arbeidsprogram/årsplan for året 2016. Opgåvene er mange!

Pågåande oppgåver og drøftingar på årsmøtet vil leggje grunnlaget for komande årsplan.

**Viktige prosjekt for vidare arbeid og prioritering vil m.a. vere – til drøfting på årsmøtet – vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene – for så å kome lengt mogeleg med realiseringa:**

- ✓ Postvegen – vidare arbeid over Ørskogfjellet. Postvegmarsjen for 13. gong.
- ✓ Driftsavtale for vedlikehald av Postvegen. Kome i mål og setje ut i livet!
- ✓ Paktarhuset – drift og vedlikehald. Renovering innadørs pågår og må halde fram.
- ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Registreringsarbeid. Finne lokale!
- ✓ Kvernhuset – vedlikehald – oppstart - demonstrasjonar?
- ✓ Kraftstasjonen – vedlikehaldsarbeid – årleg rydding – samarbeid med Ørskog Energi.
- ✓ Malmbana vedlikehald.
- ✓ Lokomobilen. Vedlikehald. Oppstart. Demonstrasjonar - på Ørskogdagane o.a.
- ✓ Deltaking/markeringar på Ørskogdagane.
- ✓ Årsskrift nr 26 – for år 2016. Innhold og arbeid.
- ✓ Ørskogkalender - halde fram samarbeidet med Ørskog Rotary. Kalender for 2017 også!
- ✓ Gåver – jf. vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering/arkivering o.a.
- ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid.
- ✓ Kyrkjebökene – framhaldande arbeid med digitaliseringa.
- ✓ Kulturminnedagane 2016: 13.-20.sept. «Se hva vi kan. Kompetanse og kunnskap i kulturvernet»
- ✓ Kveldsenter med om lag seks arrangement pr år – viktig møteplass!
- ✓ Bygdevandringar – behovet/interessa for slike er klart til stades. Vi har meir å ta av!
- ✓ Småbedrifter i Ørskog – registreringsarbeid – jf. innslag i årsskriftet.

- ✓ Landingsvøren på Amdam – gjere noko? Ikkje noko så langt! Lenger fram i tid?
- ✓ Medlemsverving. Eit alltid vedvarande arbeid! Medlemspleie.
- ✓ Kulturminne i Ørskog - registrering – jf. starta arbeid.
- ✓ Krigsminne i Ørskog – eige ad hoc utval.



**Fotograf:**  
**Datering: 1906 - 1910**  
**Motiv: Vaksviska sett frå vest**  
**Utgivar: L.L.**  
**Eigar: Paul Frøysedal**



**Datering 1945. Fotograf** Ukjend **Eigar Gjære**, Kolbjørn **Motiv** Fredsfeiring.  
**Omtale** 8.mai 1945 var det folkefest i Lånabakkane. Ole Lukkedal hadde hengt opp ein høgtalar på sommarfjøsveggen så folk fekk høyre sendinga frå London.  
(Lokal fotoregistrering: Tore Gjære 01.05.2000.)



## Ørskog Historielag 2015 – med fokus på:

- ✓ Ørskog historielag med eit nytt og flott årsskrift – nr 25!
- ✓ Paktarhuset – utvikle huset til eit «minimuseum» m.m.- vedlikehald
- ✓ «Kulturminne i Ørskog» miniplan frå ØH
- ✓ Utval og nemnder gjer eit jamt godt arbeid! Ørskogfossen kraftstasjon neste?
- ✓ Postvegen – det går framover! Arbeid med siste parsell over Ørskogfjellet.
- ✓ Postvegmarsjen også dette året for 12. gong!
- ✓ Vellukka bygdevandring Apalset - Steinane.
- ✓ Mange fine og godt besøkte kveldsenter. Kyrkjetoget er god møtestad!
- ✓ Fotoregistrering og arbeidet med kyrkjebøkene held fram!
- ✓ Auke i medlemstalet.


Frå styret rettar vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2015.

Også denne gongen tek vi med eit gammalt ord som vi finn på laget si internettseite:  
"Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot."

For styret i Ørskog historielag år 2015.

Ragnar Bakken – skriver –

historielaget årsmelding 2015



Nytt opplag av heftet frå 1995  
70 år etter frigjeringa (1945-2015)

